

Notat 2008–7

# **Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka**

Trender og økonomisk utvikling siste tiåret, 1997–2006  
Tabellsamling 2002–2006  
Samdrifter, økologisk mjølkeproduksjon og skatt

Irene Grønningsæter  
Heidi Knutsen  
Ane Margrethe Lyng  
Anastasia Olsen



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

---

<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket i Rogaland og Agder-fylka. Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret, 1997–2006. Tabellsamling 2002–2006. Samdrifter, økologisk mjølkeproduksjon og skatt
<b>Forfattere</b>	Irene Grønningsæter, Heidi Knutsen, Ane Margrethe Lyng, Anastasia Olsen
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2008
<b>Antall sider</b>	91
<b>ISBN</b>	978-82-7077-707-5
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og -marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår om lag 1 000 bruk over heile landet. Grunnlagsmaterialet for denne granskinga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkande publikasjonen. Dette notatet inneheld lokale data frå fylka Rogaland, Aust-Agder og Vest-Agder. I tillegg har vi kvart år med nokre spesialtema som er interessante for regionen. Dei utvalde tema i år er samdrifter, økologisk mjølkeproduksjon og skatt.

Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre fylka. I alt omfattar granskinga 80 bruk frå Rogaland og 53 bruk frå Agder. Bruka frå Rogaland og Agder vert delt inn i to regionar, *Jæren* og *Agder og Rogaland andre bygder*.

Driftsgranskningane i jord- og skogbruk er eit årleg fellesprosjekt, som krev stor innsats av medarbeidarar ved alle kontora til NILF. Distriktskontoret i Bergen har ansvaret for tala frå Rogaland og Agder.

Ane Lyng har skrive kapittel fire og sju og Anastasia Olsen kapittel fem. Irene Grønningsæter er ansvarleg for tabellane i kapittel åtte og har med bidrag frå Heidi Knutsen skrive resten av notatet. Torbjørn Haukås har kvalitetssikra notatet og komme med nyttige kommentarar. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for trykking.

Oslo, mars 2008  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

SAMMENDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
2 SAMDRIFTER .....	5
3 ØKOLOGISK MJØLKEPRODUKSJON .....	9
3.1 Resultat .....	9
4 SKATT .....	13
5 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	17
5.1 Resultatmål i jordbruket .....	17
5.1.1 Driftsoverskot .....	17
5.1.2 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk (jordbruksinntekt) .....	19
5.1.3 Lønsevne per time .....	20
5.2 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og i Agder .....	20
5.2.1 Nettoinntekt .....	20
5.2.2 Nettoinvestering .....	22
5.2.3 Gjeld og gjeldsprosent .....	23
5.2.4 Tilleggsnæringer .....	24
6 DRIFTSRESULTATET FOR JORDBRUKET I ROGALAND OG AGDER 2006 .....	27
7 TABELLSAMLING 2002–2006 .....	31
FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA .....	89
LITTERATUR .....	91

## Figurar

Figur 5.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område .....	18
Figur 5.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke .....	18
Figur 5.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder .....	19
Figur 5.4 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer .....	19
Figur 5.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i andre bygder .....	20
Figur 5.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i andre bygder .....	21
Figur 5.7 Prosentvis fordeling av nettoinntekt for bruka på Jæren .....	21
Figur 5.8 Prosentvis fordeling av nettoinntekt for bruka i andre bygder .....	22
Figur 5.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område .....	23
Figur 5.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område .....	23
Figur 5.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område .....	24
Figur 5.12 Driftsoverskot frå tilleggsnærings i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område .....	24
Figur 6.1 Utvikling i jordbruksinntekt 1997–2006 .....	29

## Tabellar

Tabell 2.1	Samanlikning av samdrifter .....	7
Tabell 3.1	Samanlikning mellom svakaste og beste gruppe, sortert etter driftsoverskot per liter mjølk.....	10
Tabell 3.2	Samanlikning av økonomien mellom svakaste og beste gruppe .....	11
Tabell 4.1	Jordbruksfrådrag gruppert etter region .....	14
Tabell 4.2	Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer – Agder og Rogaland.....	14
Tabell 4.3	Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik.....	15
Tabell 5.1	Gjennomsnittleg driftsoverskot for dei enkelte tilleggsnæringane. Kroner.....	25
Tabell 6.1	Samla oversikt 2006.....	29

## Tabellsamling

Tabell 1	Fylkeстал, Rogaland.....	32
Tabell 2	Fylkeстал, Vest-Agder .....	35
Tabell 3	Fylkeстал, Aust-Agder .....	38
Tabell 4	Områdetal, Jæren alle bruk .....	41
Tabell 5	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 3 (100-200 daa), alle driftsformer .....	44
Tabell 6	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 4 (200-300 daa), alle driftsformer .....	47
Tabell 7	Områdetal, Jæren, storleiksgruppe 5 (300-500 daa), alle driftsformer .....	50
Tabell 8	Områdetal, Jæren, mjølk- og storfekjøtproduksjon .....	53
Tabell 9	Områdetal, Jæren, mjølkeproduksjon og svinehald.....	56
Tabell 10	Områdetal, andre bygder, alle bruk.....	59
Tabell 11	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 3 (100-200 daa), alle driftsform .....	62
Tabell 12	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 4 (200-300 daa), alle driftsform .....	65
Tabell 13	Områdetal, andre bygder, storleiksgr. 5 (300-500 daa), alle driftsform .....	68
Tabell 14	Områdetal, andre bygder, mjølk- og storfekjøtproduksjon.....	71
Tabell 15	Områdetal, andre bygder, mjølkeproduksjon og sauehald.....	74
Tabell 16	Fylkeстал, Aust-Agder, potet og grønnsakproduksjon .....	77
Tabell 17	Rogaland og Agder, mjølkeproduksjon, storleiksgr. under 15 årskyr .....	80
Tabell 18	Rogaland og Agder, mjølkeproduksjon, storleiksgr. 15-19,9 årskyr.....	83
Tabell 19	Rogaland og Agder, mjølkeproduksjon, storleiksgr. f.o.m. 20 årskyr.....	86

# Samandrag

---

Dette notatet presenterer resultatene for økonomien i jordbruket i Rogaland og Agderfylka med trendar og økonomisk utvikling siste tiåret frå 1997 til 2006 og tabellsamling for 2002–2006.

Årets notat tek for seg tema som samdrift, økologisk mjølkeproduksjon og skatt for utan dei faste postane med trendar og økonomisk utvikling siste tiåret og tabellsamling for dei siste fem åra.

I den årlege undersøkinga har vi i 2006 med i alt 80 bruk frå Rogaland og 53 bruk frå Agder. Bruka frå Rogaland og Agder er delt inn i to regionar, *Jæren* og *Agder og Rogaland andre bygder*. Hovudtendensane er at svinehaldet på Jæren gav eit godt resultat for 2006 samanlikna med 2005, og at det var nedgang i resultatene for mjølkeproducentane i begge regionane.

Driftsoverskotet per bruk for regionane var i gjennomsnitt på kr 215 000 for Agder og Rogaland og andre bygder i 2006. Dette er ein nedgang på nesten 8 prosent. Tilsvarende tal for Jæren var kr 379 000, som er ein auke på om lag 12 prosent.

Jordbruksinntekta, målt i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, var på kr 216 000 for Jæren. Dette var ein auke på om lag 11 prosent frå 2005. Tilsvarende tal for Agder og Rogaland andre bygder låg på kr 155 000, som er ein nedgang på nesten 5 prosent frå 2005.

Driftsforma med kombinasjonen svin- og mjølkeproduksjon oppnådde den beste jordbruksinntekta for begge regionane. Deretter kom grønsaksbøndene i Agder tett følgd av kombinasjonsbruka med mjølk og sau. Mjølkeproduksjon, som er den dominerande produksjonen i både Rogaland og Agder-fylka, viser ein nedgang i jordbruksinntekta frå 2005 til 2006.

Gjelda for regionane har i snitt auka 150 prosent på Jæren, 80 prosent i Agder og Rogaland andre bygder og 71 prosent i heile landet i løpet av dei siste 10 åra. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 2 657 000 i 2006 og i andre bygder vart tilsvarende tal kr 1 613 000. Gjeldsprosenten vart i gjennomsnitt 56 prosent for Jæren og 51 prosent for Agder og Rogaland andre bygder.

Nettoinvesteringane har dei tre siste åra vore høge på Jæren og noko mindre i Agder og Rogaland andre bygder. Sjølv med ei negativ nettoinvestering i den største driftsforma, mjølk/storfe, vart dei stor positiv nettoinvestering på Jæren i 2006. Agder og Rogaland andre bygder har halde seg på eit jamnare nivå i heile 10 års perioden.

I kapittelet om samdrifter kjem det fram at bruka frå Rogaland/Agder har ei betre avling enn snittet for resten av landet. Gruppa har òg fleire årskyr, færre timar per årsku, færre arbeidstimar i jordbruket, høgare pris per liter mjølk og kg kjøtt, og dei har totalt høgare inntekter frå husdyrprodukt. Men som følgje av mellom anna soneinndelinga og mindre areal, ser vi at tilskota er lågare. Dei har høgare kostnader totalt, og kjem derfor i dette tilfellet ut med eit nesten likt driftsoverskot som snittet for heile landet.

For rekneskapsåret 2006 vart det gjort ei ekstra undersøking på økologisk mjølkeproduksjon. Bruka er sortert etter driftsoverskot per liter mjølk. Resultatene frå dei 32 bruka som vart med i undersøkinga, viste at dei bruka som hadde det beste resultatet, var dei bruka som hadde dei høgaste grovfôravlningane og som brukte mest tid i drifta.

I kapittelet om skatt har vi sett nærare på jordbruksfrådraget. I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruk i Agder og Rogaland vart skattereduksjonen for 2006 kr 17 000.

Den største inntektsverknaden per årsverk fekk kombinasjonen mjølk/sau, minst verknad fekk bruk som driv med grønsaker.



# 1 Innleiing

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er ei årleg, landsomfattande rekneskapsundersøking med røter tilbake til Noregs Vel i 1911. Vidare vart granskinga overteken av Noregs landbruksøkonomiske institutt (NLI)<sup>1</sup> ved opprettinga i 1947.

Hovudformålet med rekneskapsundersøkinga er å vise resultat og utvikling i økonomiske tilhøve for gardsbruk der inntekter frå jordbruket har eit visst omfang. Driftsgranskingane skal vise økonomiske resultat for brukarfamilien og for ulike bruk med omsyn til storleik, driftsform og geografisk plassering.

Undersøkinga tek spesielt for seg verksemda i jord- og skogbruket, men andre næringsgreiner blir og tekne med. Næring som tek utgangspunkt i garden sine ressursar, er kalla *tilleggsnæring*, og næringsverksemd som er uavhengig av garden sitt driftsapparat, er kalla *anna næring*.

Driftsgranskingane skal gje grunnlag for samanlikning med anna nasjonal og internasjonal statistikk, gje grunnlag for forskning og utgreiing, gje bidrag til rådgjeving og undervisning og til offentleg politikk og forvaltning.

Etter 1950 har det kvart år vore med om lag 1 000 bruk i driftsgranskingane. Ved utval av bruk er det lagt vekt på at driftsgranskingane skal vere representative for den delen av landbruket der storparten av inntekta kjem frå bruket. Nye bruk til driftsgranskingane vert rekrutterte ut frå lister over bruk som er tilfeldig trekte ut frå Statens landbruksforvaltnings tilskotsregister. Uttrekte bruk skal ha eit standard dekningsbidrag som minst svarar til 8 ESU, eller 70 000–80 000 kroner. Det er produksjonsomfanget, og ikkje det økonomiske resultat på det enkelte bruket, som er kriterium for utvalet. Deltaking i driftsgranskingane er frivillig, og det er inga grense for kor lenge eit bruk kan vere med, men brukaren skal ikkje vere eldre enn 67 år. Kvart år vert om lag ti prosent av deltakarbruka skifta ut.

Dei økonomiske data i 10-årstrendane i kapittel seks er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktene i tabellsamlinga inneheld beløp i nominelle kroner frå kvart av åra. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane

---

<sup>1</sup> NILF vart oppretta i 1986 ved at NLI vart slått saman med Sekretariatet for Budsjettnemnda for jordbruket.

over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg til driftsøkonomien er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

## 2 Samdrifter

---

Etablering av samdrifter har auka i omfang dei siste åra. Per desember 2006 var det i følge SLF (2008) registrert 1 756 samdrifter i Noreg. Dette er ein auke på 275 samdrifter (23 prosent) på eitt år, mot ein auke på 245 samdrifter året før. Inntil 2004 var samdriftene ikkje representerte i driftsgranskingane.

For di økonomien til dei deltakande partnarane i samdrifta er så tett samanvevd med økonomien til samdrifta, er det lite relevant å studere samdrifta isolert. Rekneskapen for samdrifta er derfor slått saman med rekneskapane til partnarane, slik at ein viser resultat for heile verksemda sett under eitt. All jordbruksdrift på dei aktuelle eigedomane inngår. Det vil seie at samdrifta og alle partnarane si eiga jordbruksverksemd er tekne med. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk viser då eit gjennomsnitt for samdrifta og partnarane.

I 2004 vart det tatt inn totalt 13 samdrifter med mjølkeproduksjon for heile landet. I 2005 hadde driftsgranskingane med i alt 39 samdrifter, der til saman 79 bruk inngjekk. For 2006 har driftsgranskingane med i alt 52 samdrifter, der det inngår til saman 105 bruk. I 16 av samdriftene er det berre den eine brukaren som er aktiv. Desse bruka er med i materialet på ordinær måte, ved at samdrifta er slått saman med resultatet til brukaren. Dei andre 36 samdriftene har to eller fleire aktive partnarar og er derfor handsama spesielt og ikkje tekne inn i hovudtabellane.<sup>2</sup> I dette notatet har vi valt å sjå på dei av samdriftene som var med både i 2005 og i 2006 for å vise kva utvikling desse samdriftene har hatt. I driftsgranskingane har vi til saman 26 samdrifter som er med begge åra.

Resultata frå desse samdriftene er presenterte i tabell 2.1. Vi har berre med dei samdriftene som er klassifiserte som rein mjølkeproduksjon.

Resultata viser at samdriftene har omtrent like stort areal og lik avling i 2006 som i 2005. Det er ein liten nedgang i leigd areal.

Eigedelane i samdriftene har hatt ein auke på kr 90 771 til kr 3 133 392. Dette utgjør ein auke på 3 prosent.

---

<sup>2</sup> Sjå Driftsgranskingane i jord- og skogbruk 2006, kapittel 2.3.1

Tal årskyr har auka med 4 årskyr til 32,6, men ytinga har gått ned med ca. 9 prosent per årsku til 7 126 kg. Dei fekk noko lågare pris for mjølka i 2006 enn i 2005, men likevel berre ein nedgong på ca. 2 prosent. Arbeid per årsku har gått ned med 20 timar til 145 timar. Arbeidsinnsats per samdrift målt i årsverk er 2,6 i 2006 mot 2,5 i 2005.

Totalt ser vi at inntektene har gått opp med kr 13 684 til kr 1 714 298, og kostnadene har auka med kr 49 658. Driftsoverskotet har gått ned med kr 32 312 til kr 506 260, det vil seie nesten 6 prosent. Lønsevne per time har blitt redusert med ca. 16 prosent til kr 97,70. Familiens arbeidsforteneste per årsverk har gått ned med ca. 20 prosent frå kr 212 513 til kr 170 054. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har gått ned frå kr 228 777 til kr 206 556 mellom anna på grunn av auka rentenivå.

Vi viser elles til den årlege publikasjonen<sup>3</sup> *Driftsgranskningane i jord- og skogbruk* for 2006, kapittel 2.3.1 Samdrifter. Der vert det presentert tal for alle samdriftene med to eller fleire aktive deltakarar for 2005 og 2006. Resultata der viser nokre skilnader frå det vi finn i tabell 2.1. Dette skuldast at gruppa er auka frå 27 til 33 samdrifter medan vi i tabell 2.1 har sett på dei samdriftene som var med begge åra.

Aktuelt for regionen Rogaland/Agder er å sjå på resultat på samdrifter frå denne regionen. Derfor har vi laga ein ekstra kolonne i tabell 2.1 med oversikt over samdrifts-mjølkebruka med to aktive deltakarar i Rogaland/Agder. Vi gjer merksam på at gruppa er liten og at ein må ta omsyn til det når resultata tolkast.

Når vi skal sjå på skilnader mellom gruppene, er det viktig å vere klar over kva sone samdriftene er plasserte i. Soneinndelinga gir utslag med omsyn til tilskot, og resultata må derfor tolkast ut frå dette. Det er òg andre variablar ein må ta omsyn til. Til dømes kan samdriftene ha ein eller fleire passive partnerar utanom dei aktive partnerane. Tidspunkt for når samdrifter vart godkjende, er òg avgjerande for driftstilskotet.<sup>4</sup>

I gruppa frå Rogaland/Agder er fire av fem bruk frå Jæren (sone 0). I gruppa med samdrifter frå heile landet er sonene 0, 2 og 4 best representerte med høvesvis fem, ni og åtte samdrifter for 2006.

Bruka frå Rogaland/Agder har ei betre avling enn snittet for resten av landet. Gruppa har òg fleire årskyr, færre timar per årsku, færre timar arbeidsinnsats i jordbruket, høgare pris per liter mjølk og kg kjøt, og dei har totalt høgare inntekter frå husdyrprodukt. Men som følgje av mellom anna soneinndelinga og mindre areal, ser vi at tilskota er lågare. Dei har høgare kostnader totalt, og kjem derfor i dette tilfellet ut med eit nesten likt driftsoverskot som snittet for heile landet. Vi ser òg at eigedelane i Rogaland/Agder er høgare enn resten av landet, og til saman gir dette eit lågare vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk.

---

<sup>3</sup> Kjelde: <http://www.nilf.no/Publikasjoner/Driftsgranskinger/Nn/2007/Innhold2006.shtml>

<sup>4</sup> Samdrifter godkjende før 1. juli 2004 får utbetalt i driftstilskot til mjølkeproduksjon mellom kr 104 800 og kr 133 700 med 2 og 3 eller fleire medlemmer i samdrifta. Samdrifter godkjende etter 1. juli 2004 får tilsvarande utbetalt kr 59 800 i driftstilskot. Satsane gjeld for Sør-Noreg.

**Tabell 2.1 Samanlikning av samdrifter**

	Landet 2005	Landet 2006	Rogaland/Agder 2 aktive delt 2006
Tal bruk	26	26	5
Jordbruksareal, daa	519	531	479
Herav leigd	173	152	98
Avlingar i alt, Fem	369	365	483
Eigedelar i jordbruket 31.12, kr	3 042 621	3 133 392	5 177 251
Tal årskyr	28,5	32,6	43,3
Mjølke per årsku, kg	7 858	7 126	7 681
Omsett mjølk, liter	195 867	203 402	286 679
Mjølkekvote, liter	181 037	205 273	292 278
Mjølkepris, kr/liter	3,66	3,60	3,71
Pris på kukjøtt, kr/kg	28,97	29,17	30,47
Pris på anna storfekjøtt, kr/kg	34,42	34,80	36,51
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket), timar	4 679	4 712	4 673
Timar per årsku	164	145	108
<b>Produksjonsinntekt</b>			
Storfe Mjølke	717 416	731 264	1 063 129
Kukjøtt	101 702	122 603	149 342
Anna storfekjøtt	218 090	185 576	181 895
Livdyr	41 018	38 079	48 111
Inntekt frå husdyrprodukt i alt	1 094 688	1 093 972	1 444 627
Inntekt frå planteprodukt i alt	45 321	51 111	25 271
Tilskot	553 109	560 863	432 681
Andre inntekter	19 553	19 237	25 790
Botnfrådrag	-12 058	-10 884	-5 000
Sum	1 700 614	1 714 298	1 923 370
<b>Variable kostnader</b>			
Så Korn, anna såfrø og planter	10 664	15 216	9 347
Handelsgjødsel og kalk	52 393	62 226	82 046
Kraftfôr	280 546	283 991	334 555
Anna fôr	25 472	33 278	13 996
Konserveringsmiddel	12 620	9 796	15 408
Diverse til husdyrhald	46 894	47 593	59 321
Kjøp av dyr	34 664	33 995	35 715
Andre forbruksartiklar	41 077	41 931	39 182
Sum	504 330	528 027	589 570
<b>Faste kostnader</b>			
Leigd arbeid	95 170	77 931	60 948
Drivstoff	30 826	34 152	24 703
Vedlikehald	131 245	140 057	184 974
Maskinleige	66 187	85 331	161 907
Jordleige	31 403	28 911	64 327
Forsikringar	33 658	37 144	28 695
Elektrisk kraft	36 871	44 742	47 248
Administrasjon	74 554	77 609	70 871
Sum	499 915	525 876	643 673
Avskrivningar i alt	157 797	154 135	188 257
Driftsoverskot	538 572	506 260	501 870
Familiens arbeidsforteneste	446 983	382 403	312 846
Lønsevne i alt	542 108	460 334	373 794
Lønsevne per time	115,87	97,70	79,99
Familiens arbeidsforteneste per årsverk	212 513	170 054	136 441
Vederlag til alt arbeid og eigenkapital	580 126	527 503	487 001
Vederlag til alt arbeid og e.k. per årsverk	228 777	206 556	192 270
Eigenkapitalprosent	53 %	53 %	45 %



## 3 Økologisk mjølkeproduksjon

---

For å få betre kunnskap om økonomi, produksjon og forbruk av arbeid ved økologisk drift, vart det for rekneskapsåret 2006 rekruttert til saman 32 økologiske mjølkeprodusentar til driftsgranskingane, fordelt over heile landet.

I dette kapittelet presenterer vi resultat<sup>5</sup> frå undersøkinga om økonomi, produksjon og arbeidsforbruk, der vi spesielt ser på innbyrdes variasjonar mellom dei økologiske bruka. Bruka er sortert etter driftsoverskot per liter mjølk. Dette sorteringskriteriet er brukt fordi kvotesystemet for mange mjølkeprodusentar er den avgrensande faktoren for produksjonsvolumet. Denne avgrensinga vil vere styrande for kva disposisjonar brukaren kan gjere for å få eit best mogeleg økonomisk resultat.

Bruka er delt inn i tre grupper; tredelen med best resultat, frå no av «beste tredel», tredelen med svakaste resultat, «svakaste tredel» og tredelen med resultat rundt gjennomsnittet. Uttrykka svakaste og beste viser berre til storleiken på dei målte beløpa. Samanlikninga i tabellen under set svakaste tredel opp mot beste.

### 3.1 Resultat

Svakaste gruppa har fleire årskyr, produserer meir mjølk og har noko meir areal. Beste gruppe derimot, produserer meir grovfôr per daa, har høgare yting per årsku og produserer meir kjøt til slakt. Kvotefylling er temmeleg likt for gruppene.

For produksjonsinntektene er det lite som skil, og det er først når vi kjem til kostnadene vi ser kva som gjer variasjonen i det økonomiske resultatet. Den svakaste gruppa har både høgare variable- og faste kostnader, og skilnadene er store. For dei variable kostnadene er det fôrkostnadene som viser størst avvik. Den svakaste gruppa fôrar for kr 5 700 i kraftfôr per årsku, eller for kr 1,15 per liter mjølk. Tilsvarande tal for den beste gruppa er kr 4 500 og kr 0,87. For anna innkjøpt fôr er kostnaden kr 1 895 per

---

<sup>5</sup> Resultata i denne artikkelen er utdrag frå eit notat om økologisk mjølkeproduksjon, som vart publisert i februar 2008.

årsku for den svakaste gruppa, og kr 290 for den beste. Meir sjølvproduisert fôr i den beste gruppa forklarar mykje av skilnaden.

Ser vi på dei faste kostnadene er det kostnader til leigd hjelp og maskinleige som gir størst utslag. Kostnadene til leigd arbeid utgjer 70 prosent meir for den svakaste gruppa og for maskinleige, heile 370 prosent meir (sjå tabell 3.2).

Resultatet er at den beste gruppa oppnår eit vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk, på kr 217 800 og ei lønsevne per time på kr 108. Tilsvarande tal for svakaste gruppe er kr 114 000 og kr 51.

Den svakaste gruppa har eit betre driftsoverskot både for skogen, tilleggsnæring og anna næring, og noko meir i lønsinntekt. Det kan sjå ut som at denne gruppa bruker meir tid på andre aktivitetar i og utanfor bruket, enn på mjølkeproduksjonen, og har meir leigd arbeidskraft. Den beste gruppa bruker tid i drifta, og ser vi på resultatutrekningane og nettoinntekta, som er summen av driftsoverskotet av alle yrkesgreiner, lønsinntekt og trygd, ser det ut til å løne seg.

Av dei økonomiske resultata ser vi at dei som gjer det best, er dei som legg mest eiga tid i drifta. Den same tendensen ser vi blant konvensjonelle mjølkebønder når det gjeld variasjon, der den beste tredelen utfører ein større del av arbeidet i drifta sjølv. Dei som bruker mykje av eiga arbeidstid på andre aktivitetar, kjem økonomisk dårlegare ut enn dei som har høg eigeninnsats i mjølkeproduksjonen.

Tabell 3.1 Samanlikning mellom svakaste og beste gruppe, sortert etter driftsoverskot per liter mjølk

	Svakaste gruppe	Beste gruppe
<b>Tal observasjonar</b>	11	11
<b>Areal i alt, daa</b>	<b>331</b>	<b>321</b>
<i>herav grovfôr og beite</i>	295	278
<b>Avlingar i Fem/daa</b>	295	346
<i>Grovfôr og beite</i>	294	350
<b>Storfe</b>		
Årskyr, stk	19,8	18,1
Kviger over eit år, stk	10,4	8,8
Oksar over eit år, stk	1,2	2,8
Mjølkk per årsku, kg	5 662	5 961
Omsett mjølk, l	97 834	93 062
Mjølkekvote, l	102 912	97 630
<b>Prisar, kr</b>		
Mjølkk	4,13	4,09
Kukjøtt	30,50	32,07
Storfe kjøtt	33,19	36,47
<b>Arbeid i jordbruket, t</b>	3 628	3 441
Herav leigd arbeid, t	1 095	508
Arbeid per årsku, t	183	190
Arbeid per l mjølk, min	2,2	2,2



Tabell 3.2 Samanlikning av økonomien mellom svakaste og beste gruppe

	Svakaste gruppe	Beste gruppe
<b>Produksjonsinntekter, kr</b>		
Husdyrprodukt av storfe	507 100	514 000
<i>herav mjølk</i>	404 100	381 100
<i>herav storfeslakt (ekskl ku)</i>	12 800	42 400
Andre husdyrprodukt	8 000	600
Tilskot	340 100	333 500
<i>herav areal og kulturlandskapstilskot</i>	88 100	88 000
<i>herav husdyrtilskot</i>	73 800	72 000
<i>herav pristilskot</i>	79 500	76 300
<i>herav spesielle tilskot inkl. økologisk tilskot</i>	54 200	51 900
Andre inntekter (planteprodukt mm)	36 700	28 300
Sum produksjonsinntekter	891 900	876 400
<b>Kostnader, kr</b>		
Sum variable kostnader	233 400	161 000
<i>herav kraftfôr</i>	112 800	80 800
<i>herav gjødsel og kalk</i>	2 800	1 900
<i>herav anna fôr inkl. balanseendring</i>	37 500	5 300
Sum faste kostnader, ekskl. avskrivningar	417 000	283 000
<i>herav leigd arbeid</i>	125 300	73 800
<i>herav maskinleige</i>	72 500	15 200
Avskrivningar	108 100	78 600
<i>herav bygningar</i>	57 100	40 900
<i>herav traktor, maskinar og reiskap.</i>	48 600	36 300
Sum kostnader	758 500	522 600
<b>Resultatutrekning, kr</b>		
Dekningsbidrag, inklusiv tilskot	658 500	715 400
Dekningsbidrag per liter mjølk	6,73	7,69
Driftsoverskot i jordbruket	133 400	353 800
Driftsoverskot per liter mjølk	1,36	3,80
Driftsoverskot i skogen	46 600	-700
Driftsoverskot tilleggsnæring	81 300	36 121
Driftsoverskot anna næring	42 900	500
Løsinntekter	181 800	155 800
Nettoinntekt	504 300	556 100
Vederlag til alt arbeid og eigenkap per årsverk	114 000	217 800
Lønsevne per årsverk	93 500	198 300
Lønsevne per time	50,67	107,49



## 4 Skatt

---

Jordbruksfrådraget er blitt ein viktig del av inntektspolitikken i jordbruksforhandlingane. Jordbruksfrådraget i alminnelig inntekt vert gitt til skatteytarar som har inntekt frå jordbruks- og/ eller hagebruksverksemd eller driv med honning- og/eller pelsproduksjon som næring sjølv om verksemda ikkje er knytt til jordbruk. Jordbruksfrådraget vart innført i 2001, og i dei følgjande åra er det utvida og auka fleire gonger. I 2006 var frådraget følgjande: Ved næringsinntekt opp til kr 36 000 var jordbruksfrådraget lik inntekta; ved inntekt frå kr 36 000 opp til kr 222 842 var frådraget kr 36 000, pluss 19 prosent av all inntekt over kr 36 000. Maksimalt frådrag som skatteytar kan få, er kr 71 500, da må næringsinntekt vere høgare enn kr 222 842. Det vert betalt 28 prosent skatt av resten av inntekta.

Det vart registrert jordbruksfrådrag for alle bruka i driftsgranskingane i 2006 for å sjå på utnyttingsgrad. I gjennomsnitt per deltakarbruk for heile landet var jordbruksfrådraget kr 59 400. Ein stor del av deltakarane har ikkje oppnådd maksimalt jordbruksfrådrag på grunn av for låg næringsinntekt, sjå tabell 4.1.

**Tabell 4.1 Jordbruksfrådrag gruppert etter region**

Regionar	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner
Austlandet, flatbygder	188	96	11	57 200
Austlandet, andre bygder	168	62	14	54 300
Jæren	50	31	0	62 900
Agder og Rogaland og andre bygder	83	44	6	59 400
Vestlandet	168	75	7	58 300
T røndelag, flatbygder	73	35	1	59 200
T røndelag, andre bygder	68	49	2	66 800
Nord-Noreg	114	77	1	66 100
Alle	912	469	42	59 400

I tabell 4.2 har vi samanlikna dei driftsformene som er mest utbreidde i Agder og Rogaland, produksjon av mjølk og storfeslakt, sauehald, grønsaker, kombinert produksjon av kumjølk og sauehald, kombinert produksjon av kumjølk og svinekjøt. I gjennomsnitt per deltakarbruk i Agder og Rogaland var jordbruksfrådraget kr 60 713, men det er skilnad på bruk som ligg på Jæren og i andre bygder i Agder og Rogaland. Bruka på Jæren er i hovudsak store mjølkebruk og hadde jordbruksfrådrag på kr 62 900 i gjennomsnitt, mens bruka i Agder og Rogaland, andre bygder hadde gjennomsnittfrådrag på kr 59 400 per bruk. Over 60 prosent av mjølkebruka på Jæren oppnådde maksimalt frådrag, medan tilsvarende tal var berre 54 prosent av mjølkebruka i andre bygder. Av dei 133 bruka i Agder og Rogaland, er det 6 bruk som har så låg næringsinntekt at dei ikkje har jordbruksfrådrag.

**Tabell 4.2 Jordbruksfrådrag gruppert etter driftsformer – Agder og Rogaland**

Produksjon	Tal bruk	Tal bruk med maks frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Skatte-reduksjon	Inntektsverknad av jordbruksfrådrag per årsverk
Mjølk, andre bygder	53	29	5	60 152	16 842	14 447
Mjølk, Jæren	32	20	0	64 928	18 180	13 987
Sauehald	9	1	0	42 160	11 805	15 455
Grønsaker	7	7	0	71 500	20 020	10 710
Mjølk/sau	4	4	0	71 500	20 020	15 979
Mjølk/svin	4	2	0	60 239	16 867	11 655
Andre driftsformer	24	12	1	58 427	16 360	18 087
Jæren	50	31	0	62 900	17 612	12 949
Agder og Rogaland, andre bygder	83	44	6	59 400	16 632	14 349
Alle	133	75	6	60 713	17 000	13 715

I gjennomsnitt for driftsgranskingsbruk i Agder og Rogaland var skattereduksjonen for 2006 kr 17 000. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk med 33 prosent marginalsatt, varierer frå produksjon til produksjon. Den største inntektsverknaden får kombinasjonen mjølk/sau med litt under kr 16 000 per årsverk, minst verknad får bruk som driv med grønsaker. Inntektsverknad per årsverk heng saman med kor mange årsverk som vart brukt i kvar produksjon. Grønsaker er den driftsforma som er mest arbeidsintensiv med 2,79 årsverk i gjennomsnitt per bruk. Det vert brukt minst tid på bruk med sauehald, 1,14 årsverk i gjennomsnitt.

I neste tabell har vi sett på korleis bruksstorleik påverkar utnytting av jordbruksfrådrag. Vi kan sjå at i Agder og Rogaland finst særst få små bruk, og dei har større inntektsverknad per årsverk enn dei store. Jordbruksfrådraget aukar med auka areal, men inntektsverknaden per årsverk avtar med storleik på bruket. Dette skjer fordi frådraget er per bruk. På større bruk med høgare arbeidsforbruk, vil derfor inntektsverknaden avta. Sjølv om storleik på frådraget er størst på dei største bruka, viser tabell 4.3 at dei minste bruka har størst inntektsverknad per årsverk.

**Tabell 4.3** Jordbruksfrådrag gruppert etter bruksstorleik

Areal gruppe	Tal bruk	Tal bruk med maks. frådrag	Tal bruk utan frådrag	Jordbruksfrådrag, kroner	Inntektsverknad per årsverk
< 50 daa	2				
50-99 daa	9	2	1	46 949	17 363
100-199 daa	45	19	3	55 442	14 853
200-299 daa	35	22	1	64 842	13 091
> 300 daa	42	32	1	65 731	13 532
Alle	133	75	6	60 713	13 715
<i>Landet</i>	<i>912</i>	<i>469</i>	<i>42</i>	<i>59 400</i>	<i>14 602</i>

Jordbruksfrådrag føreset at skatteytar har næringsinntekt å trekke frådraget frå. Andre frådrag kan redusere effekten av jordbruksfrådraget.



## 5 Trendar og økonomisk utvikling siste tiaret

---

Dette kapitlet viser ein del trendar og utviklingstrekk for jordbruket for Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder frå 1997 til og med 2006. Materialet er hovudsakleg delt inn i to område; *Jæren* og *andre bygder*. Andre bygder omfattar dei to Agder-fylka og Rogaland utanom Jæren, og vil i den vidare teksten berre bli omtala som *andre bygder*. For området Jæren er det i 2006 tal frå 50 bruk som ligg til grunn for framstillinga, og i gruppa andre bygder er det 83 bruk. Til samanlikning har vi tatt med tal som viser utviklinga for heile landet. I dette kapitlet er det nytta figurar for å syner utviklinga. Nokre av gruppene er små, og for desse gruppene kan utskifting av bruk og større investeringar på enkelte bruk gje store utslag på resultatet. Alle resultatata i dette kapitlet er omrekna til 2006-kroner etter konsumprisindeksen.

### 5.1 Resultatmal i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: Driftsoverskot per bruk, vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk og lønsevne per time. Jordbruksfrådraget er etter kvart blitt ein viktig del av inntektspolitikken i Noreg, men det påverkar ikkje resultatmåla i driftsgranskingane. Verknad av jordbruksfrådraget er omtala i kapittel 4.

#### 5.1.1 Driftsoverskot

Driftsoverskot er produksjonsinntekter minus kostnader. Driftsoverskotet skal dekke løn til familien og eventuelt anna ubetalt arbeid og vederlag til både eigen og lånt kapital.

Tabell 5.1 viser korleis driftsoverskotet i områda har utvikla seg samanlikna med heile landet over ti år. Jæren har framleis det høgaste driftsoverskotet gjennom heile perioden. Dette skuldast generelt at Jæren har dei største bruka, høgast produksjon og produktivitet. Om vi ser litt nærare på tala<sup>6</sup> i tabell 4b, ser vi at auken på inntektssida mest ligg på auka inntekter på planteprodukt med kr 170 296 mot auken på husdyrprodukt på


---

<sup>6</sup> Sjå kapittel 7 Tabellsamling 2002–2006, tabell 4b


kr 39 721. Derfor kan vi seie at auken har vore liten på husdyrprodukt. Den store auken på planteprodukt kan forklarast med den årlege utskiftinga av bruk, der bruka som har kome inn, har meir planteproduksjon enn bruka som har gått ut. Driftsoverskotet har likevel berre auka med kr 40 906 og dette skuldast dei auka kostnadene som fordelte seg jamt på både variable og faste kostnader.

År 2002 eit spesielt år med ekstra utbetaling på mjølk, høgare prisar på sentrale produkt som mjølk og svinekjøt, og ein auke i produksjonsvolum. Tabell 5.1 syner at dette ga utslag både for Jæren, andre bygder og for landet.

Når det gjeld andre bygder og heile landet har vi ein nedgong i begge områder frå 2005 til 2006. Ein god del av denne nedgongen skuldast at nedgongen i resultatata for Vest-Agder har vore kraftig siste året. Årsaka til dette er dels normal utskifting av bruk i driftsgranskingane, og dels ein tendens til nedgong også for dei bruka som har vore med begge åra.



Figur 5.1 Driftsoverskot per bruk i ulike område




Figur 5.2 Driftsoverskot per bruk i ulike fylke



## 5.1.2 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk (jordbruksinntekt)

Vederlaget viser kor mykje som er igjen til å dekke alt arbeidet på bruket, (også leigd hjelp) og til forrenting av egenkapitalen. Medan driftsoverskotet blir rekna per bruk, blir vederlag til alt arbeid og egenkapital rekna per årsverk. Eit årsverk i landbruket er sett til 1 845 timar for heile tiårs perioden.


I 2006, som i 2005, var eit gjennomsnittsbbruk på Jæren to årsverk, for andre bygder var gjennomsnittsbbruket 1,75 årsverk begge åra. Figur 5.3 viser den gjennomsnittlege jordbruksinntekta for bruka på Jæren og i andre bygder.



Figur 5.3 Jordbruksinntekt per årsverk i gjennomsnitt for bruka på Jæren og i andre bygder

Figur 5.4 viser jordbruksinntekta for ulike driftsformer på Jæren og i andre bygder. Det er bruka med svin- og mjølkeproduksjon som har det beste resultatet gjennom perioden. Denne gruppa har hatt ein stor auke i produksjonen gjennom perioden.

Tal årskyr for mjølk og storfe var i gjennomsnitt i 2006, 30,3 på Jæren og 17,0 for andre bygder. For driftsforma mjølk og svin på Jæren var tal årskyr 25,7 i 2006.




Figur 5.4 Vederlag til arbeid og egenkapital per årsverk for ulike driftsformer

### 5.1.3 Lønsevne per time

Lønsevne per time er arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd hjelp, og viser kor mykje som er igjen når innsett kapital har fått godtgjering.

Mjølke- og svineprodusentane på Jæren får i 2006 kr 103 i gjennomsnitt per time for arbeidet på bruket. For dei bøndene som driv med mjølk og storfe er det femten kroner timen som skil bøndene i andre bygder frå bøndene på Jæren. Elles har alle utanom mjølk/sau i andre bygder hatt ein nedgong i lønsevne per time i denne perioden.




Figur 5.5 Lønsevne per time for ulike produksjonar på Jæren og i andre bygder

## 5.2 Totaløkonomien for bruka i Rogaland og i Agder


### 5.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er eit resultatmål for totaløkonomien for brukarfamilien. Nettoinntekta er samla driftsoverskot frå alle næringar, løn, pensjonar, renteinntekter, verdi av eige arbeid på nyanlegg med frådrag av betalte renter og kår.




Figur 5.6 Nettoinntekt i gjennomsnitt per bruk i heile landet, på Jæren og i andre bygder

Figur 5.7 viser prosentvis fordeling av alle inntektene til brukarfamilien på Jæren. Driftsoverskotet frå jordbruket utgjer ein stadig mindre del av dei samla inntektene til brukarfamilien. I 1997 henta bøndene på Jæren 66 prosent av inntekta frå jordbruket, i 2006 utgjer driftsoverskotet frå jordbruket 57 prosent av dei samla inntektene. I den same perioden har lønsinntektene auka med sju prosentpoeng.



Figur 5.7 Prosentvis fordeling av nettoinntekt for bruka på Jæren

For bruka i andre bygder har foredlinga av inntekt vore ganske stabil siste tiårsperiode. Men vi ser ei lita endring med omsyn til kapitalinntekter og løsinntekter siste året. Inntektene frå jordbruket utgjer 40 prosent av nettoinntekta i 2006 som i 2005. I 1997 henta bøndene frå andre bygder 45 prosent av dei samla inntektene frå jordbruket. Løsinntektene auka i same periode med seks prosentpoeng.




Figur 5.8 Prosentvis fordeling av nettoinntekt for bruka i andre bygder

## 5.2.2 Nettoinvestering

Nettoinvestering er verdien av tilkjøp av egedelar minus avskrivningar, tilskot og fråsal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidla i løpet av året.


Dei høge investeringane i 2004/2005 kan vi sjå i samanheng med auka konsesjonsgrenser i 2003. Jæren hadde ein særstør investeringsaktivitet i 2004. På bruk med kombinert mjølk- og svinproduksjon (11 bruk) vart det investert i gjennomsnitt kr 748 000. Etter eit år med låg investering i mjølke- og svinproduksjon på Jæren, vart det investert mykje i denne gruppa i 2006, med eit gjennomsnitt på kr 955 800 (9 bruk). Samstundes ser vi at den største driftsforma på Jæren, mjølk/storfe (50 bruk), hadde ei negativ nettoinvestering på kr -3 000 i 2006.



Figur 5.9 Nettoinvesteringar per bruk i ulike område

### 5.2.3 Gjeld og gjeldsprosent


Figur 5.10 viser ein jamn stigning i gjeld for heile landet i løpet av dei siste ti åra. Investeringane på Jæren dei siste tre åra, gir ein større auke for desse åra. Gjennomsnittet for landet får òg ein større auke desse tre åra, enn åra før. Gjelda på Jæren vart i gjennomsnitt på kr 2 657 000 i 2006 og i andre bygder vart tilsvarende tal kr 1 613 000. Gjennomsnittet for heile landet vart kr 1 430 000.



Figur 5.10 Gjeld i middel per bruk i ulike område

Gjeldsprosenten er gjelda i prosent av totalkapitalen, og han viser kor stor del av eigedlane som er finansiert med lånt kapital. Alle bruka i driftsgranskingane hadde ein gjen-


nomsnittleg gjeldsprosent på 48 prosent i 2006 (figur 5.11), Jæren hadde 56 prosent og andre bygder hadde 51 prosent.



Figur 5.11 Gjeldsprosent per bruk i ulike område

## 5.2.4 Tilleggsnæringer

Tilleggsnæring vert i driftsgranskingane definert som næring utanom tradisjonelt jordbruk, der garden sine ressursar blir nytta, til dømes maskinkjøring, utleigehus, utmarksnæring, turisme, vidareforedling av varer og liknande. I gjennomsnitt for alle bruka i utvalet utgjer bidraget frå tilleggsnæringa lite, men det kan bety mykje på enkeltbruka. Figur 5.12 viser driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for deltakarbruka i driftsgranskingane. Vi ser at inntekta frå tilleggsnæring for bruka frå andre bygder har hatt ein jamn auke gjennom siste tre åra og at tilsvarande har gått ned siste året for Jæren. Også for landsgjennomsnittet har det vore ein svak nedgong.



Figur 5.12 Driftsoverskot frå tilleggsnæring i gjennomsnitt for alle bruk i ulike område

Heile 53 prosent av deltakarane i driftsgranskingane for 2006 var registrert med ei eller anna form for tilleggsnæring. Det vil seie 487 bruk. Det er ein auke på to prosentpoeng frå 2005. På Jæren hadde 34 prosent av bruka i utvalet tilleggsnæring og i andre bygder var talet 60 prosent.

I andre bygder er det dei bruka med kombinasjonar av fleire ulike tilleggsnæringar (andre kombinasjonar) som har det høgaste gjennomsnittlege driftsoverskotet på kr 151 000 i 2006. For alle bruka i utvalet er det *vareproduksjon med diverse kombinasjonar* som gir høgast driftsoverskot, tett følgt av andre kombinasjonar.

**Tabell 5.1** Gjennomsnittleg driftsoverskot for dei enkelte tilleggsnæringane. Kroner

Regionar	Utmarks- næring med diverse kombi- nasjonar	Varepro- duksjon med diverse kombina- sjonar	Maskin- kjøring	Turisme	Utleige- hus	Andre kombina- sjonar	Ikkje klassif- sert	Gjennom- snitt
Jæren			6 700		30 700			38 100
Andre bygder		61 300	58 700		33 200	151 000	46 200	67 400
Landet	65 200	83 000	53 300	56 600	39 500	82 300	70 000	63 300





## 6 Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2006

---

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av 912 bruk over heile landet. I alt omfattar granskinga 80 bruk frå Rogaland og 53 bruk frå Agder. Bruka frå Rogaland og Agder vert delt inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

### Hovudtendensar:

- **Svinehaldet på Jæren gav godt resultat i 2006**
- **Nedgang for mjølkeprodusentane**

Jærbøndene auka jordbruksinntekta med 11 prosent til kr 215 700 per årsverk, og dei har framleis det beste resultatet i dei tre fylka. Bøndene i resten av Rogaland og Agder hadde ein nedgang i jordbruksinntekta på fem prosent til kr 155 100. Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på eigenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Det er dei store kombinasjonsbruka med mjølk og svin på Jæren som har den høgaste jordbruksinntekta i dei to regionane. Deretter kjem grønsaksbøndene i Agder tett følgd av kombinasjonsbruka med mjølk og sau. Mjølkeproduksjon, som er den dominerande produksjonen i begge regionane, viser ein nedgang i jordbruksinntekt samanlikna med 2005.

